



SAK 7 – PRINSIPPROGRAM

Inneholder:

- Innkommende endringsforslag til prinsippprogrammet
- Naturvernforbundets prinsippprogram, vedtatt på landsmøte 2018

LANDSMØTE 2021

Innkomne endringsforslag til prinsippprogrammet

Forslag til ny tekst er understreket

Forslag til fjernet tekst er ~~overstrøket~~

Tekst som er uendret står uten formatering

Begrunnelse er fra forslagsstiller

Kommentar er fra generalsekretær

Endringsforslag P1	
2 Korleis vi arbeider Side 3, linje 74	<i>Forslagsstiller: Naturvernforbundet i Tromsø og omegn</i>
<p>Endringsforslag: Legge til nytt avsnitt:</p> <p><u>Miljørettsleg bevisstjering</u> Opinionsdannande verksemd har betydning for korleis og i kva grad reglane som rår naturmiljøet tolkast og nyttast. Lovgivning som er ment å sikre miljøomsyn må sikrast og styrkast. <u>Naturvernforbundet bidrar med kunnskap om rettsreglar og rettslege prinsipp som har som formål å bevare miljøet og sikre miljøomsyn slik at reglane som sikrar miljøet handhevast og utviklast.</u></p>	
<p>Begrunnelse Forslaget er ment å innarbeide måten Naturvernforbundet i dag ofte trekker inn regelverk i sitt arbeid. Vi ønsker en praktisk politikk som ivaretar miljøet. Slik politikk vedtas i folkevalgte organer eller gjennom overnasjonale ordninger. Når politikken er vedtatt er det ikke alltid at vedtakene følges opp i praksis. Løsningen ligger her neppe i å vedta reglane på nytt, men å følge opp gjeldende regler med midler, kunnskap og innsats. Ikke bare i klagesaker eller overfor domstolene. Ved å fremme reglane og innholdet i media og ellers vil en kunne styrke dem. Ikke bare handler dette om at opinionsdannelse påvirker rettsforståelsen. Det handler også om at utgangspunktet i norsk regeltolkning er «naturlig språklig forståelse» dvs. vanlig konsensus som er etablert rundt en ordlyd. En rettslig forståelse bør fremmes parallelt med aktivisme og politisk press. En formulering som omhandler den rettslige siden av miljøarbeidet, vil kunne bidra til bevisstjøring rundt dette.</p>	
<p>Kommentar Naturvernforbundet har lenge støttet og jobbet for opprettelsen av en miljødomstol, og landsstyret har vedtatt en egen uttalelse om dette, samt at det har vært inkludert i andre uttalelser og innspill. I innledningsteksten til prinsippprogrammet står det i dag to setninger om myndighetenes ansvar for å følge opp, kontrollere og innføre sanksjoner og tiltak over for de som bryter natur- og miljølovgivningen. Og noe om ansvaret for å sette seg inn i og følge regler.</p>	
Landsstyrets innstilling: Forkastes	
Landsmøtets vedtak:	

Endringsforslag P2	
3.1 «Vern om naturmangfoldet» Side 5, linje 155	<i>Forslagsstiller: Landsstyret</i>
<p>Endringsforslag: Legge til nytt avsnitt i linje 155, etter første avsnitt i linje 151-154:</p> <p><u>I følge FNs naturpanel er ein av åtte millionar dyre- og planteartar truga av utrydding, og endring i arealbruk er den viktigaste årsaka til det globale tapet av naturmangfold på land fram til i dag, medan overutnytting av ressursar er viktigast for tapet i havet. I tillegg kjem ein stadig større påverknad frå menneskeskapte klimaendringar, samt påverknad frå forureining og invaderande artar. Den samla verknaden er eit særst alvorleg trugsmål mot naturmangfoldet på jorda.</u></p>	
<p>Begrunnelse IPBES er blitt et viktig henvisningsgrunnlag, også for Naturvernforbundet etter rapportene som startet å komme i 2019. Det er ønskelig å henvise til panelet og rapportene, og klargjøre hva de faktisk sier. Panelet blir ofte feil gjengitt for å hevde at endringer i arealbruk er den største trusselen mot naturmangfoldet. Naturpanelet har ikke uttalt seg om hva som er «den største trusselen», men om hva som er den viktigste årsaken til tapet i naturmangfold de siste ca. 50 årene. Det er for øvrig liten hensikt i å diskutere hva som måtte være den største trusselen, det viktige er å påpeke at naturmangfoldet er utsatt for en samlet, svært alvorlig trussel. De ulike negative faktorene virker sammen, og vi må bekjempe dem alle.</p>	
Landsstyrets innstilling: Vedtas	
Landsmøtets vedtak:	
Endringsforslag P3-A	
3.1 «Vern om naturmangfoldet» Side 6, linje 175-180	<i>Forslagsstiller: Fylkestyret i Trøndelag</i>
<p>Endringsforslag: Endre første setning i kulepunktet:</p> <p>Det må etablerast økologisk representative nettverk av verneområde og <u>andre spesielt verdfulle naturområde utvalde naturtyper</u> for å sikre den økologiske sammenhengen over større område.</p>	
<p>Forslagsstillers begrunnelse: Det blir for snevert å satse bare på vern og utvalgte naturtyper. Vern gjelder bare noen relativt få områder som skal representere mangfoldet i norsk natur, og foreløpig er bare 6 naturtyper etablert som utvalgte – i tillegg er to på høring nå. Ettersom naturtypene er artenes hjem mener jeg det er viktig å se utvalgte naturtyper og prioriterte arter i sammenheng, og presse på for å få en utvikling i arbeidet med både utvalgte naturtyper og prioriterte arter.</p>	
<p>Kommentar Dersom en slik presiseringen skal gjøres, så bør det tydeliggjøres språklig hva som menes. For eksempel kan det heller foreslås: «Det må etablerast økologisk representative nettverk av område som har vernestatus eller annen utvalgt status for å sikre den økologiske sammenhengen over større område».</p>	
Landsstyrets innstilling: Forkastes til fordel for forslag P3-B	
Landsmøtets vedtak:	

Endringsforslag P3-B	
3.1 «Vern om naturmangfaldet» Side 6, linje 175-180	<i>Forslagsstiller: Landsstyret</i>
Endringsforslag: Endre første setning i kulepunktet: Det må etablerast økologisk representative nettverk av <u>område som har vernestatus eller annen utvalgt status verneområde og utvalde naturtyper</u> for å sikre den økologiske sammenhengen over større område.	
Begrunnelse: Alternativt formulering av endringsforslaget fra fylkesstyret i Trøndelag sitt forslag i 3A.	
Landsstyrets innstilling: Vedtas	
Landsmøtets vedtak:	

Endringsforslag P4	
3.1 Vern om naturmangfaldet Side 6, linje 181-183	<i>Forslagsstiller: Naturvernforbundet i Tromsø og Omegn</i>
Endringsforslag: Endre kulepunkt: <ul style="list-style-type: none"> Menneskelege inngrep og utbygging har ført til sterk reduksjon i inngrepsfrie område i Noreg. Denne utviklinga må <u>ikkje berre stoppast, men reverserast</u>. Dei områda som er att, må bevarast og kartleggast for verneverdige naturverdiar. <u>Prinsippet om arealnøytralitet må som eit minimum innarbeidast i all kommunal arealforvaltning.</u> 	
Begrunnelse Uten begrunnelse.	
Kommentar Flere organisasjoner har siste årene tatt i bruk begrepet arealnøytralitet, og Naturvernforbundet har i stor grad støttet dette. Flere lokal- og fylkeslag har tatt til orde for at kommuner må ha en arealstrategi og et arealregnskap. Det har ikke vært diskutert noe særlig i landsstyret. Et lignende forslag er fremmet i forslag nummer 8, men da i linje 200.	
Landsstyrets innstilling: Forkastes	
Landsmøtets vedtak:	

Endringsforslag P5-A	
3.1 «Vern om naturmangfaldet» Side 6, linje 187	<i>Forslagsstiller: Landsstyret</i>

<p>Endringsforslag: Legge inn et nytt kulepunkt 4, resterende kulepunkt forskyves:</p> <p><u>Naturøydeleggjande vindindustri må stansast. Utbygging må begrensa til mindre anlegg, i industrialiserte område.</u></p>
<p>Begrunnelse: Landsstyret har siden 2018 vedtatt flere uttalelser som tydeliggjør Naturvernforbundets vindkraftpolitikk, og generalsekretær foreslår en oppdatering av prinsippprogrammet i tråd med ordlyden landsstyret har vedtatt i sine uttalelser om vindkraft siste tre årene.</p>
<p>Landsstyrets innstilling: Vedtas</p>
<p>Landsmøtets vedtak:</p>

Endringsforslag P5-B	
3.1 «Vern om naturmangfaldet» Side 6, linje 187	<i>Forslagsstiller: Fylkesstyret i Trøndelag</i>
<p>Endringsforslag: Legge inn et nytt kulepunkt 4, resterende kulepunkt forskyves:</p> <p><u>All utbygging av vindkraft i naturområde må bli stoppa. Der slike anlegg er bygd, må det bli stilt krav til sikring mot forureining og garantiar for at område blir rydda etter at konsesjonstida går ut.</u></p>	
<p>Begrunnelse: Ikke begrunnet</p>	
<p>Kommentar Landsstyret har foreslått et nytt punkt om vindkraft som er mer i tråd med uttalelser vedtatt i landsstyret siste årene og som allerede ivaretar den endringer som her foreslås.</p>	
<p>Landsstyrets innstilling: Forkastes til fordel for forslag 5A</p>	
<p>Landsmøtets vedtak:</p>	

Endringsforslag P6	
3.1 «Vern om naturmangfaldet» Side 6, linje 197-199	<i>Forslagsstiller: Landsstyret</i>
<p>Endringsforslag: Endre kulepunktet:</p> <p>Som ein stor hav-, fjord- og kystnasjon må Noreg vise omsyn til naturmangfaldet i havet i reguleringa av våre marine næringar, <u>inkludert regulering av havvind</u>. Naturmangfaldslova må gjelde alle norske havområde.</p>	

Begrunnelse
Havvind vil bli stadig mer aktuelt og dermed også omstridt. Naturvernforbundets prinsipielle syn bør være at hensynet til naturmangfoldet er overstyrende for regulering av havvind, som for andre næringer. «I havet» foreslås strøket, da dette også gjelder naturmangfoldet i lufta over havet (fugler) og på havbunnen.
Landsstyrets innstilling: Vedtas
Landsmøtets vedtak:

Endringsforslag P7	
3.1 Vern om naturmangfoldet Side 6, linje 200	<i>Forslagsstiller: Natur og Ungdom</i>
Endringsforslag: Legge til nytt kulepunkt:	
<ul style="list-style-type: none"> • <u>Norske kommuner må innføre naturbudsjetter som må forholde seg til nasjonale grenser for naturtap og målsettinger for restaurering.</u> 	
Begrunnelse	
På veien til arealnøytralitet er det behov for nye verktøy. Det må settes nasjonale grenser for naturtap og målsettinger for restaurering, og for å oppfylle disse må alle kommuner innføre naturbudsjetter. Her må man ha status for hver enkelt naturtype og vurderinger om hvilke naturtyper det ikke skal være rom for arealendringer.	
Kommentar	
Flere organisasjoner har siste årene tatt i bruk begrepet arealnøytralitet, og Naturvernforbundet har i stor grad støttet dette. Flere lokal- og fylkeslag har tatt til orde for at kommuner må ha en arealstrategi og et arealregnskap. Det har ikke vært diskutert noe særlig i landsstyret.	
Landsstyrets innstilling: Vedtas	
Landsmøtets vedtak:	

Endringsforslag P8	
3.2 «Stopp dei farlege klimaendringane» Side 7, linje 227-229	<i>Forslagsstiller: Landsstyret</i>
Endringsforslag:	
Målet om å skape eit klimavennleg samfunn må leggje rammene for all sektorpolitikk, slik at alle samfunnssektorane blir omfatta av verkemiddel som sikrar varige reduksjonar i klimagassutsleppa. <u>Når utstyr og arbeidskraft blir importert frå andre land, må det bli teke omsyn til ressursbruk og utslepp av klimagass.</u>	
Begrunnelse:	
Alternativ formulering fra landsstyret til forslaget fra fylkesstyret i Trøndelag.	
Landsstyrets innstilling: Vedtas	
Landsmøtets vedtak:	

Endringsforslag P9	
4.1 «Primærnæringane» Side 9, linje 301	<i>Forslagsstiller: Fylkesstyret i Trøndelag</i>
Endringsforslag: Endre kulepunktet: «Dyrka og dyrkbær jord må haldast i hevd og bevarast for matproduksjon.»	
Forslagsstillers begrunnelse: Dyrkbar jord bør strykes i denne sammenhengen. Dyrkbar jord kan være myr, næringsrike skogtyper, verdifull kulturmark eller andre naturtyper som inneholder verdifullt naturmangfold, og som derfor bør bevares og ikke dyrkes opp.	
Kommentar Presiseres i neste kulepunkt at blant annet nydyrking av myr skal være forbudt.	
Landsstyrets innstilling: Vedtas	
Landsmøtets vedtak:	

Endringsforslag P10	
4.1 Primærnæringane Side 9, linje 315-317	<i>Forslagsstiller: Naturvernforbundet i Troms</i>
Endringsforslag: Endre kulepunktet: <ul style="list-style-type: none"> • Skognæringa må operere innanfor rammer som sikrar naturmangfold, friluftsliv og karbonbinding. Skogbruket må i større grad drivast basert på utvalshogst. Hogst må berre skje etter søknad og etter kartlegging av natur- og friluftsverdiar. <u>Gjødsling av skog og markberedning bør ikkje tillatast.</u> 	
Begrunnelse Gjødsling av skog: Tilførsel av nitrogen på natur er regnet som en av de største truslene i verden mot biologisk mangfold. Norge har jo også skrevet under på internasjonale avtaler for å redusere utslippet av nitrogen til naturen. Markberedning medfører stor erosjon og store utslipp av næringsstoffer til vassdrag	
Kommentar Gjødsling av skog er også en trussel mot naturmangfold og om det ønskes et slikt detaljnivå i prinsippprogrammet, så kan det fint inkluderes.	
Landsstyrets innstilling: Vedtas	
Landsmøtets vedtak:	

Endringsforslag P11	
4.2 «Energi» Side 10, linje 331-335	<i>Forslagsstiller: Fylkesstyret i Trøndelag</i>

Endringsforslag:

Det samla energiforbruket må reduserast og bli mest mogleg effektivt. Energieffektivisering og -sparing må premierast gjennom eigna verkemiddel. Det må stillast strenge krav til energibruk i bygningar. ~~Desse krava må strammast inn med jamne mellomrom, slik at bygg og anlegg i størst mogleg grad er sjølvforsynt med energi, med lågt energiforbruk og ressursforavtrykk i eit livsløpsperspektiv.~~

Forslagsstillers begrunnelse:

For det første: Det meiningslaust at bygg i Noreg skal vere sjølvforsynt. Sjølv om det er solceller eller vindturbin, vil klimafaktoren på denne energien vere langt dårlegare enn norsk vasskraft. Særs uklok ressursbruk.

For det andre: Det er ingen god grunn til at bygningskvalitet skal auke i høve til TEK17. Dersom ein brukar norsk faktor på energi både for produksjon av material og forbruk, vil passivhusstandard føre til klimautslepp som ikkje er betalt tilbake meir enn 20 år. Føreset at blir dekt av varmpumpe.

For det tredje: I alle bygg der varmebehov ikkje blir dekt av vedfyring må det bli krav om varmpumpe.

Kommentar

Selv om økt isolasjon øker ressursbruk i byggeperioden så har det fortsatt stor effekt å redusere energibruk for bygg i drift. Større vekt på energi og klima i livsløpet blir trolig det bærende prinsippet i nye tekniske forskrifter og er noe Naturvernforbundet normalt er positive til.

Landsstyrets innstilling: Forkastes**Landsmøtets vedtak:****Endringsforslag P12**

4.2 «Energi»
Side 10, linje 336-339

Forslagsstiller: Landsstyret

Endringsforslag:

Norsk olje- og gassverksemd må trappast ned og gradvis fasast ut innan 2040, ved at det ikkje opnast for leiting og utvinning av olje og gass i nye område og med ei nedtrappingsplan som sikrar ei rettferdig omstilling for oljearbeidarane. Barentshavet, havområda utanfor Lofoten, Vesterålen og Senja, Skagerrak, Mørebasenget og kystnære område må bli gitt ei særskilt og varig vern mot olje- og gassverksemd.

Begrunnelse

FNs statusrapport fra høsten 2018 gir tydelige mål for reduksjon av fossil energi og landsstyret vedtok en uttalelse i november 2019 om at Norge må bli fossilfri innen 2040. Landsstyret har diskutert og tydeliggjort organisasjonens petroleumpolitikk de siste årene og prinsippogrammet bør reflektere dette. I målet om å unngå klimaendringer over 1,5 grad er det ikke rom for mer norsk petroleumsvirksomhet, og politikken til Naturvernforbundet blir ikke helt konsis når man har et sekundært standpunkt om at noen særlige sårbare havområder skal vernes.

Landsstyrets innstilling: Vedtas**Landsmøtets vedtak:**

Endringsforslag P13-A	
4.2 Energi Side 10, linje 340-343	<i>Forslagsstiler: Landsstyret</i>
Endringsforslag:	
<p><u>Ny fornybar energi må verke til å redusere forbruket av fossil energi. Fossil energibruk i Noreg må fasast ut for å nå 1,5-gradersmålet. Energieffektivisering, nedgang i transportbehovet og ei utfasing av petroleumverksemda er dei viktigaste tiltaka. Ny fornybar energi må verke til å redusere forbruket av fossil energi, ikkje auke den samla energibruken Samstundes med energisparing må Noreg satse på ny fornybar energi, slik som bio- og solenergi, bølge- og vindkraft og geovarme. Ved all utbygging av fornybar energi må klimagassutsleppa og ressursbruken vurderast i eit livsløpsperspektiv for produksjonen, og det må må det takast særskilt omsyn til naturmangfald, folkehelse, landskap og tradisjonelle naturbaserte næringer og samisk kultur og næringsutøving.</u></p>	
Begrunnelse	
<p>Punktet om fornybar energi har vært omdiskutert, og det er ønskelig at det forenkles uten at enkeltteknologier løftes frem. Punktet om utbygging av energi trenger også å tydeliggjøre at det er knyttet til utfasing av fossil energi. Det er ikke Naturvernforbundets rolle å satse på utbygging av noen form for energi, men det er vår rolle å peke på at den fossile energibruken må fases ut. Samisk kultur og næringsutøvelse er i seg selv hensyn som det kan være naturlig at tas inn i prinsippprogrammet.</p>	
Landsstyrets innstilling: Vedtas	
Landsmøtets vedtak:	

Endringsforslag P13-B	
4.2 Energi Side 10, linje 340-343	<i>Forslagsstiller: Naturvernforbundet i Troms</i>
Endringsforslag:	
<p>Endringsforslag til endringsforslaget fra landsstyret:</p> <p><u>Ny fornybar energi må verke til å redusere forbruket av fossil energi. Fossil energibruk i Noreg må fasast ut for å nå 1,5-gradersmålet. Energieffektivisering, nedgang i transportbehovet og ei utfasing av petroleumverksemda er dei viktigaste tiltaka. Ny fornybar energi må verke til å redusere forbruket av fossil energi, ikkje auke den samla energibruken Samstundes med energisparing må Noreg satse på ny fornybar energi, slik som bio- og solenergi, bølge- og vindkraft og geovarme. Ved all utbygging av fornybar energi må klimagassutsleppa og ressursbruken vurderast i eit livsløpsperspektiv for produksjonen der naturmangfald og natur må leggst til grunn og vere premissgjevande for, og det må takast særskilt omsyn til naturmangfald, folkehelse, landskap og tradisjonelle naturbaserte næringer og samisk kultur og næringsutøving.</u></p>	
Begrunnelse	
<p>Naturvernforbundet i Troms er enig med endringsforslaget fra landsstyret, men ønsker å vektlegge at naturmangfold og natur må være premissgivende.</p>	
Kommentar	
<p>Landsstyret diskuterte grundig setningen om «særskilt omsyn» og landsstyrets forslag virker godt forankret.</p>	
Landsstyrets innstilling: Forkastes til fordel for endringsforslag P13-A	
Landsmøtets vedtak:	

Endringsforslag P14	
4.2 Energi kulepunkt Side 10, linje 344-350	<i>Forslagsstiller: Fylkesstyret i Trøndelag</i>
<p>Endringsforslag: Endre kulepunkt i linje 344-350:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Overføringsnett til andre land skal ha som mål å bidra til meir effektiv og fornybar energibruk, ikkje omfattande eksport av straum. Kraftutveksling med andre land bidreg til god utnytting av kraftressursane og reduserer behovet for reservekraft og tilhøyrande naturinngrep og klimagassutslepp. Fordi transport av kraft inneber energitap og kan gje betydelege naturinngrep, bør det vere eit mål å utnytte energiressursane nær der dei oppstår, og til fortrenging av fossil energibruk i Noreg og i utlandet. <p>Legge til nytt kulepunkt etter:</p> <ul style="list-style-type: none"> • <u>Det bør ikkje bli bygd fleire overføringskablar ut av landet.</u> 	
<p>Forslagsstillers begrunnelse: NNV må klart og tydeleg gå mot fleire kablar ut av landet. Fleire kablar vil dra med seg høgare pris og meir press på utbygging av vindkraft for eksport av overskot.</p>	
<p>Kommentar Det har ikke vært uttalelser eller diskusjoner i landsstyret siste 3 år om utenlandskabler. Dagens ordlyd er et kompromiss som i praksis betyr at Naturvernforbundet tar stilling til overføringskabler til utlandet når det er aktuelt, men ikke er prinsipielt imot. Utveksling av kraft med andre land er energieffektivt og et viktig virkemiddel i energi- og klimapolitikken. Det er usikkert om det er behov for flere kabler til utlandet for å oppnå god kraftutveksling, og diskusjonen kan komme opp igjen. Forslaget innebærer en kraftig endring i organisasjonens politikk som mange ikke vil kjenne seg igjen i, da kraftutveksling til utlandet anses som et viktig tiltak for både klima og natur.</p>	
<p>Landsstyrets innstilling: Forkastes</p>	
<p>Landsmøtets vedtak:</p>	

Endringsforslag P15	
4.2 «Energi» Side 10, linje 351-354	<i>Forslagsstiller: Landsstyret</i>
<p>Endringsforslag:</p> <p><i>Atomkraft inneber ein så stor fare for miljø og menneske i samband med produksjon og avfallshandtering at det er ei uakseptabel energikjelde. Det må derfor ikkje byggjast nye atomkraftverk i Noreg. ,og Halden reaktoren må leggjast ned. Noreg må arbeide for å sikre atomavfallet i norske nærrområde. Det må sikrast ei forsvarleg mellomlagring av det norske atomavfallet medan det blir førebudd ei permanent lagring i Noreg. Noreg må ta ansvar internasjonalt for å sikre menneske og natur mot atomforureining.</i></p>	
<p>Begrunnelse: Norges siste to atomforskningsreaktorer er endelig lagt ned og Naturvernforbundet har vunnet en viktig miljøseier som vi har jobbet med gjennom mange år. I prinsippprogrammet vårt er Haldenreaktoren spesifikt nevnt, og teksten bør nå oppdateres. Landsstyret ønsket også å legge inn et punkt om forsvarlig lagring og internasjonalt ansvar.</p>	
<p>Landsstyrets innstilling: Vedtas</p>	
<p>Landsmøtets vedtak:</p>	

Endringsforslag P16	
Flere steder. Innledning (linje 37-48). Kapittel 3, Kapittel 4.2	<i>Forslagsstiller: Naturvernforbundet i Nordland, Naturvernforbundet i Troms, Naturvernforbundet i Finnmark</i>
<p>Endringsforslag: Legge til nytt avsnitt:</p> <p><u>Naturvernforbundet sier utvetydig nei til videre økonomisk vekst:</u></p> <ol style="list-style-type: none"> 1. <u>Jordas biosfære - atmosfæren, havet og landjorda - er allerede overutnyttet, og det er den økonomiske veksten som har ført oss dit. Såkalt "grønn vekst" er en selvmotsigelse og er verken praktisk eller teoretisk mulig.</u> 2. <u>Menneskeheten, dyre- og plantelivet står ovenfor både en klimakrise og en naturkrise som er to sider av samme sak. Begge må løses dersom vi og senere generasjoner skal ha noen framtid.</u> 3. <u>Myndighetene og industrien sitt pågående "grønne skifte" med omfattende framsnaking av såkalte "utslippsfrie" energikilder setter søkelyset kun på klimakrisen, med en stadig økende ødeleggelse av naturmangfoldet som resultat.</u> 4. <u>Den eneste farbare veien ut av uføret er å stoppe veksten og reversere økonomien til et reelt bærekraftig nivå for atmosfæren, havet, landjorda og dyre- og plantelivet i en økologisk likevektsøkonomi.</u> 5. <u>Et sentralt ledd i en økologisk likevektsøkonomi må være rettferdig fordeling av ressurser og arbeid innad i land og mellom land.</u> 6. <u>De tradisjonelle formene for reindrift, kystfiske og småbruk er eksempler på bærekraftig likevektsøkonomi som bygger på kunnskap om naturens kretsløp og tålegrenser</u> 	
<p>Begrunnelse</p> <p>Det må bli slutt på at naturverdier og naturmangfold blir definert som en særinteresse. Naturverdiene må få status som avgjørende kriterium for hva som tillates og hva som ikke tillates av økonomisk virksomhet. Det samlede økonomiske overskuddet vil nødvendigvis måtte bli mindre samtidig som det må bli stopp for prosjekter som kan degradere mer natur, slik som nye kraftanlegg, veiutbygging, hyttebyer o.l. Menneskeheten må gå inn i en æra av økologisk likevektsøkonomi, eller egentlig en økologisk vekstøkonomi som innebærer stopp i arealbeslag kombinert med naturrestaurering.</p> <p>Fylkeslagene har utarbeidet en lengre begrunnelse for forslaget. Denne finner du her: https://naturvernforbundet.no/nordland/forslag-lm21.</p>	
<p>Kommentar</p> <p>Prinsippprogrammet ble totalrevidert i 2018, og innholdet i tekstforslaget er i stor grad dekket inn i forskjellige deler av dagens prinsippprogram. Hensyn til reindrift, kystfiske og småbruk er i allerede nevnt under punkt 4.1 Primærnæringane. Naturødeleggelse og energiproduksjon er allerede omtalt under punkt 3.1 Vern om naturmangfoldet og rettferdig fordeling under kapittel 3 Prinsipp og redusert forbruk og overutnyttelse av ressurser under punkt 4.5 Forbruk, avfall og handel. Det har ikke vært noen større diskusjoner eller uttalelser om begrepene likevektsøkonomi, økologisk vekstøkonomi ol i landsstyret i siste periode.</p>	
Landsstyrets innstilling: Forkastes	
Landsmøtets vedtak:	

Forslag som er trukket etter at fristen for å stille forslag gikk ut

Under følger forslag som var fremmet til landsmøtet, men som er trukket etter at fristen gikk ut. De forslag som er rukket behandlet av landsstyret før de ble trukket, ligger innstillingen med.

Dersom man ønsker at et eller flere av disse forslagene skal behandles på landsmøtet må dette foreslås innen fristen for å fremme endringsforslag på endringsforslagene som er fredag 23. april klokka 16:00

TRUKKET endringsforslag nr. 1	
3.1 «Vern om naturmangfaldet». Side 6, linje 187-189	<i>Forslagsstiller: Fylkesstyret i Trøndelag</i>
Endringsforslag:	
<ul style="list-style-type: none"> • Motorisert ferdsle i utmark og vassdrag må haldast på eit minimum, og unyttig køyring må ikkje tillatast. Langs kysten må ein sikre <u>Omsynet til sårbar natur og moglegheita for gode naturopplevingar for folk flest må oppretthaldast.</u> 	
Forslagsstillers begrunnelse: Ikke begrunnet	
Kommentar Det særlige behovet for hensyn langs kysten blir borte, og en slik presisering virker unødvendig.	
Landsstyrets innstilling: Forkastes	
TRUKKET endringsforslag nr. 2	
3.2 «Stopp dei farlege klimaendringane» Side 7, linje 227-229	<i>Forslagsstiller: Fylkesstyret i Trøndelag</i>
Endringsforslag:	
Målet om å skape eit klimavennleg samfunn må leggje rammene for all sektorpolitikk, slik at alle samfunnssektorane blir omfatta av verkemiddel som sikrar varige reduksjonar i klimagassutsleppa. <u>Når utstyr blir importert frå andre land, må det bli teke omsyn til ressursbruk og utslepp av klimagass.</u>	
Forslagsstillers begrunnelse: Det som er viktig er importen av utstyr. Å trekke inn arbeidskraft vil kunne bli en krevende og komplisert diskusjon med mange ulike hensyn og målestokker.	
Kommentar Presiseringen om å ta hensyn ved import av utstyr er godt i tråd med at organisasjonen jobber stadig mer med forbruk og sirkulær økonomi og tydeliggjør et standpunkt som stadig kommuniseres. Landsstyret la inn forslag om at også arbeidskraft skulle vurderes. Det gjør punktet noe vanskeligere å forstå.	
Landsstyrets innstilling: Forkastes til fordel for forslag 8	

TRUKKET endringsforslag nr. 3	
4.1 Primærnaringane Side 9, linje 318-321	<i>Forslagsstiller: Fylkesstyret i Trøndelag</i>
Endringsforslag:	
<p>Skogsressursar er eit knappleiksgode og må brukast der dei gjev størst reduksjon av klimagassar. Tømmer og tre skal prioriterast som bygningsmateriale, og avfallsressursar kan gå til andre føremål som gjev høg utnytting av ressursane, som lokal varmeproduksjon og ulike industriføremål. <u>Hogstavfall (røter, greiner og bark) bør bli verande der det er hogd, og inngå i næringskretsløpet når ny skog vert etablert.</u></p>	
Forslagsstillers begrunnelse:	
Ikke begrunnet	
Kommentar	
Landsstyret har vedtatt to uttalelser om skog og skogforvaltning i inneværende landsstyreperiode, og der er ikke hogstavfall nevnt spesifikt. En slik presisering er kanskje unødvendig detaljert for prinsippprogrammet.	
Landsstyrets innstilling: Forkastes	

TRUKKET endringsforslag nr. 4	
4.4 «Industri» Side 11, linje 415-416	<i>Forslagsstiller: Fylkesstyret i Trøndelag</i>
Endringsforslag:	
<p>Forureinaren-skal-betale-prinsippet må utvidast, slik at verksemdar får ansvar for og forplikningar knytte til skadar årsaka av verksemda og produkta deira. <u>Dette må og gjelde importerte varer/råvarer frå andre land.</u></p>	
Forslagsstillers begrunnelse:	
<p>Dette er viktig fordi konsekvensen av energi- og ressursbruk i andre land ofte ikkje blir teken med i vurderinga. Det er ikkje utan grunn at EU vil ha Green Deal strategi.</p>	
Kommentar	
Det ligger implisitt i dagens tekst at dette også gjelder varer fra andre land.	
Landsstyrets innstilling: Forkastes	



PRINSIPPROGRAM

Vedteke på landsmøtet i Stavanger
21. april 2018

3 *Prinsippprogrammet gjev ei oversikt over Naturvernforbundet sitt grunnsyn, korleis*
4 *organisasjonen arbeider, og kva som er våre langsiktige politiske krav.*

5 Innhold

6	1 Kva vi vil oppnå	2
7	2 Korleis vi arbeider	3
8	3 Prinsipp	4
9	3.1 Vern om naturmangfaldet	5
10	3.2 Stopp dei farlege klimaendringane	6
11	3.3 Berekraftig ressursbruk	7
12	4 Miljøvern i praksis	8
13	4.1 Primærnæringane	8
14	4.2 Energi	9
15	4.3 Transport	10
16	4.4 Industri	11
17	4.5 Forbruk, avfall og handel	12

18

19 1 Kva vi vil oppnå

20 Naturvernforbundet arbeider for eit samfunn som er godt å leve i for alle, og som kan bestå
21 over tid. I eit slikt samfunn blir naturen forvalta på ein måte som sikrar vårt felles livsmiljø,
22 og all menneskeleg aktivitet skjer i balanse med naturen og miljøet.

23

24 Livsformene i naturen er verdifulle i seg sjølv, samtidig som menneska er avhengige av dei. Å
25 ta vare på rikdomen av livsformer og økosystem er naudsynt for å sikre livskrafta og
26 produktiviteten i naturen. Vi menneske kan ikkje halde fram med å utrydde artar på jorda
27 eller øydelegge det livsmiljøet artane treng for å leve.

28

29 Mennesket er ein del av naturen. Vi lever av dei allsidige goda i naturen og har ansvaret for å
30 sikre ei økologisk, sosial og økonomisk utvikling som tar omsyn til både nolevande og
31 framtidige generasjonar sine behov. Det betyr at:

- 32 - Vi må ta vare på mangfaldet i naturen.
- 33 - Fornybare ressursar må takast ut på ein slik måte at ressursane kan fornye seg.
- 34 - Ressursar som finst i avgrensa mengder, må vi bruke med stor varsemd.
- 35 - Vi kan berre sleppe ut stoff som krinslaupet i naturen kan bryte ned innanfor naturen
36 si bereevne.

37

38 Menneskeleg forbruk av energi og naturressursar kan ikkje vere høgare enn at det let seg
39 kombinere med å halde oppe naturmangfaldet og naturen si produksjonsevne. Tekniske
40 omleggingar er ikkje nok for å oppnå dette. For at alle menneske skal ha høve til å leve gode

41 liv innanfor rammene av jorda sitt ressursgrunnlag, må dei økonomisk rikaste redusere det
42 materielle forbruket sitt, og samfunnet kan ikkje vere avhengig av evig materiell vekst.

43
44 Å løyse globalt omfattande og alvorlege miljøproblem krev omstillingar som må drivast fram
45 med både lokal og nasjonal innsats. I ei globalisert verd krevst også globalt samarbeid og
46 internasjonale avtalar. Noreg har som eit rikt og velutvikla land både grunnlag og ansvar for
47 å vere eit føregangsland i miljøvernarbeidet. Noreg må følgje opp sine internasjonale pliktar
48 og ta ei rolle som førebilete for å bidra til framgang i det internasjonale miljøarbeidet.

49

50 2 Korleis vi arbeider

51 ***Demokratisk, landsdekkande og uavhengig***

52 Naturvernforbundet er ein demokratisk, partipolitisk nøytral medlemsorganisasjon. For å stå
53 imot og reversere den akselererande øydelegginga av miljøet treng vi at breie lag av folket
54 blir engasjert. Folkeleg engasjement gjennom lokalt naturvernarbeid er grunnlaget for
55 arbeidet for livskraftig natur og miljøgode og avgjerande for Naturvernforbundet sin styrke.
56 Medlemmane avgjer, gjennom sine tillitsvalde, kva forbundet skal meine og arbeide med.
57 Synspunkta blir utforma uavhengig av økonomiske interesser, staten og andre
58 organisasjonar. Naturvernforbundet skal jobbe for å få fleire aktive lokallag over heile
59 landet, samtidig som aktiviteten i eksisterande lokal- og fylkeslag sikrast og fornyast. Det
60 lokale nærværet og dei tillitsvalde gjev Naturvernforbundet legitimitet og demokratisk
61 gjennomslagskraft. Organisasjonen skal søkje å reflektere eit mangfald av folket og arbeide
62 for god representasjon i kjønn, geografi, sosial bakgrunn og minoritetsbakgrunn blant både
63 medlemmar, aktive og tillitsvalde. Miljøagentane og Natur og Ungdom skal vere barne- og
64 ungdomsorganisasjonane til Naturvernforbundet. Gjennom å oppretthalde og aktivt byggje
65 nye samarbeid og alliansar med andre organisasjonar og initiativ skal Naturvernforbundet
66 auke si gjennomslagskraft og oppslutnad og bidra til ein effektiv og rettferdig miljøpolitikk.

67

68 ***Kunnskapsbasert opinionsdanning***

69 Naturvernforbundet treng tillit og oppslutnad for å få gjennomslag. Argumenta skal vere
70 godt oppbygde, forståelege og fagleg solide. Frivillige organisasjonar har gjennom
71 folkeopplysning spelt ei viktig rolle for demokratiseringa av Noreg. Naturvernforbundet vil
72 føre dette arbeidet vidare gjennom opinionsdannande verksemd, slik at ein lettare kan
73 innrette seg miljøvenleg, påverke andre og få folkevalde organ til å ta omsyn til naturen.

74

75 ***Saksorientert arbeid med konkrete resultat***

76 Det er gjennom arbeid med mange konkrete saker over heile landet, og med stor breidde, at
77 Naturvernforbundet er med og bergar store naturverdiar og endrar haldningane hos folk
78 flest. Ved hjelp av politisk arbeid i enkeltsaker vil Naturvernforbundet også vise kva
79 utfordringar vi står overfor i det globale miljøarbeidet.

80

81

82 **Naturglede, naturkunnskap og naturbruk**

83 Ein viktig del av arbeidet til Naturvernforbundet er å arbeide for å styrke folk sin kontakt
84 med naturen. Vi ynskjer at alle skal få glede seg over naturen i nærområdet sitt, vere stolte
85 over denne og ynskje å ta vare på naturen både lokalt og globalt. Vi vil ta vare på det enkle
86 og nære friluftslivet og arbeider for å styrke kunnskapen om naturen på alle plan. Vi ynskjer
87 å styrke kunnskapen om korleis vi kan nytte naturen, og vil arbeide for å ta vare på og føre
88 vidare tradisjonell naturbruk så langt det kan gjerast på økologisk forsvarleg vis.

89

90 **Internasjonalt samarbeid**

91 Brei folkeleg deltaking er avgjerande for å løyse internasjonale miljøproblem, og sterke
92 nasjonale miljøorganisasjonar er viktige for å ta vare på miljøinteressene.

93 Naturvernforbundet skal samarbeide med miljørørsler i andre land. Samarbeidslanda har
94 ofte store miljøutfordringar og også store utfordringar når det gjeld deltaking frå sivil
95 samfunn. Naturvernforbundet er den norske medlemmen av Friends of the Earth
96 International.

97

98 Medlemskap i Regnskogsfondet er òg ein viktig del av vårt internasjonale engasjement. Det
99 internasjonale arbeidet skal bidra til å styrke lokale miljøvernorganisasjonar i dei landa vi
100 engasjerer oss i. Samstundes bidreg dette arbeidet til å styrke Naturvernforbundet sitt
101 arbeid både i Noreg og i arbeidet med internasjonale miljøavtalar.

102

103 **3 Prinsipp**

104 At folk skal kunne bidra til å drive fram løysingar på miljøproblema, krev eit samfunn der folk
105 har høve til å påverke sin eigen situasjon, har tilgang til kunnskap om kva som påverkar
106 miljøet, og kan delta aktivt i politisk arbeid. Myndigheitene har ansvar for å følge opp,
107 kontrollere og innføre sanksjonar og tiltak overfor dei som bryt den norske natur- og
108 miljølovgevinga. Både myndigheitene, næringsliv og folket har eit ansvar for å setje seg inn i
109 og følge felles reglar.

110

111 Naturvernforbundet meiner følgjande prinsipp må ligge til grunn for all
112 samfunnsplanlegging:

- 113 - Kunnskap: Alle private og offentlege aktørar må ha plikt til å setje seg inn i korleis
114 verksemda deira påverkar naturen. Alle handlingar må byggje på oppdatert
115 vitskapeleg og erfaringsbasert kunnskap, der miljøkonsekvensane av handlinga blir
116 vurdert i eit livsløypesperspektiv. Alle skal ha krav på informasjon om
117 miljøkonsekvensar når det gjeld både enkeltprodukt og forbruksvarer, produksjon og
118 politiske planar og vedtak.
- 119 - Føre var-prinsippet: Dersom det er usikkert om inngrep eller utslepp vil ha skadelege
120 verknader for organismar eller økosystem, skal tvilen kome naturen til gode ved at
121 tiltaket ikkje blir gjennomført.
- 122 - Samla påkjenning: Den samla påkjenninga som naturmiljøet er eller kan bli utsett for,
123 skal vere utslagsgjevande for vedtak i einskildsaker.

- 124 - Den som påverkar, skal betale: Den som påverkar miljøet på ein negativ måte, skal
125 dekke kostnadene ved tiltak som hindrar, avgrensar eller rettar opp skadane.
126 - Tenke globalt – handle lokalt: Det den einskilde gjer her i landet, må stå i høve til
127 globale natur- og miljøinteresser og såleis kunne bidra til utvikling som kan kome alle
128 verdas menneske og artar til gode – i dag og i framtida.

129
130 Grenseoverskridande miljøproblem krev internasjonalt samarbeid og avtalar som blir
131 oppfatta som rettferdige og rimelege av alle partar. Verdas fattigaste lir i dag under
132 miljøproblem som i stor grad er skapt av rike land og av overforbruket til privilegerte
133 grupper. Internasjonale avtalar må fremje rettferdig fordeling av verdas ressursar og styrke
134 tilgangen til demokratisk påverknad. For å oppnå dette må FN styrkast. Omsyn til miljø og
135 rettferdig fordeling av ressursar må telje meir enn mål om økonomisk vekst og auka
136 frihandel.

137
138 Naturvernforbundet støttar og respekterer urfolk sine rettar, slik dei er felt ned i
139 internasjonale avtalar som Noreg er tilslutta. Desse rettane må ligge til grunn for
140 miljøpolitikken i både Noreg og andre land. Naturvernforbundet meiner at Noreg skal ta
141 særskilt ansvar for å ta vare på naturgrunlaget for samisk kultur.

142
143 Noreg må vere ein pådrivar og støtte opp om internasjonale miljømål og -avtalar, og
144 omsynet til natur og miljø må ligge til grunn i alt utviklingsarbeid. Samarbeid med og støtte
145 til det sivile samfunnet, inklusive miljørørsla, må vere ei viktig prioritering i Noreg sin
146 internasjonale innsats. Norske investeringar i utlandet må bidra til å sikre ei miljøvenleg
147 utvikling. Miljømessige og sosiale krav som gjeld for norske fleirnasjonale verksemdar må òg
148 gjelde for aktiviteten deira i utlandet når det norske regelverket er strengare.

149 150 3.1 Vern om naturmangfaldet

151 Naturen er grunnlaget for alt liv på jorda. Ikkje berre er menneske og dyr avhengige av
152 naturen og tenestene den yter. Naturen har også verdi i seg sjølv. Vi må derfor sikre den
153 uerstattelige rikdomen av plantar, dyr og andre organismar – på land og til havs – for notid
154 og framtid.

155
156 Tapet av naturmangfald må stansast. Sunn økologisk tilstand må vere forvaltingsprinsippet
157 for all natur, også den delen av naturen som gjennom historia har blitt påverka av
158 menneskeleg aktivitet. Dette inneber å ta vare på artane, med deira genetiske variasjon og
159 dei leveområda som organismane treng for å trivast og fylle sine økologiske funksjonar.
160 Dette krev både vern av utvalde areal samt ei langsiktig forvaltning av naturverdiar som ikkje
161 er verna ved lov. Det er uakseptabelt å oppheve eller endre vern av naturområde, slik at
162 naturomsyn må vike for andre, meir kortsiktige samfunnsinteresser. Ein må også hindre
163 innføring og spreiding av ikkje stadeigne artar og genmodifiserte organismar som kan vere eit
164 trugsmål mot lokale plante- og dyreartar. Det må ikkje gjevast subsidiar som bidreg til
165 øydelegging av verdifull natur. Omsynet til naturmangfaldet må sikrast/takast vare på i all
166 arealplanlegging, og krava til konsekvensutgreiingar må stille minstekrav som sikrar dette.
167

168 Naturen må vere grundig kartlagt, og kunnskapen må oppdaterast kontinuerleg for å
169 mogleggjere ei kunnskapsbasert forvaltning. Denne kunnskapen må omfatte naturen sine
170 system og samspelet mellom desse samt samspelet mellom naturen sine system og
171 menneska. Der kunnskap ikkje er tilstrekkeleg, må føre-var-prinsippet ligge til grunn. Inngrep
172 kan aldri forsvarast med mangel på kunnskap.

173

174 **Naturvernforbundet meiner at:**

175 • Det må etablerast økologisk representative nettverk av verneområde og utvalde
176 naturtypar for å sikre den økologiske samanhengen over større område. Dette
177 inneber mellom anna vesentleg vern av skog, våtmarker og marine område samt
178 vidare utvikling av arbeidet med utvalde naturtypar. Områda må forvaltast aktivt, slik
179 at naturmangfaldet blir teke vare på og sikra mot inngrep som kan gjere skade på
180 naturen i området.

181 • Menneskelege inngrep og utbygging har ført til sterk reduksjon i inngrepsfrie område
182 i Noreg. Denne utviklinga må stoppast. Dei områda som er att, må bevarast og
183 kartleggast for verneverdige naturverdiar.

184 • Det trengs omfattande tiltak for å sikre den unike vassdragsnaturen mot fleire
185 inngrep. Verneplanen må utvidast og verna vassdrag må få sterkare vern. God
186 økologisk tilstand må vere eit mål for alle vassdrag.

187 • Motorisert ferdsle i utmark og vassdrag må haldast på eit minimum, og unyttig
188 køyring må ikkje tillast. Langs kysten må ein sikre omsynet til sårbar natur og
189 moglegheita for gode naturopplevingar for folk flest.

190 • Lokale naturperler og naturområde i folk sine nærmiljø må takast vare på. Omsyn til
191 desse områda si betydning for livskvalitet og helse, både i dag og i framtida, må
192 vektleggast tungt. Bymarker bør vere verna med lov og ha faste byggegrenser.

193 • Rovdyra høyrer heime i norsk natur, og å verne om desse og areal som sikrar deira
194 overleving også på sikt, er ein del av det å ta vare på naturmangfaldet og
195 økosystema. Myndighetene må sikre førebyggjande innsats for å redusere tap av
196 beitedyr og for å redusere påkjenninga for råka næringar og lokalsamfunn.

197 • Som ein stor hav-, fjord- og kystnasjon må Noreg vise omsyn til naturmangfaldet i
198 havet i reguleringa av våre marine næringar. Naturmangfaldslova må gjelde alle
199 norske havområde.

200

201 [3.2 Stopp dei farlege klimaendringane](#)

202 Forbruk av fossilt brensel, avskoging og anna menneskeleg påverknad har ført til endringar i
203 klimaet på jorda. Klimaendringane har alvorlege konsekvensar både for oss menneske og for
204 resten av naturen. Livsgrunnlaget for mange menneske, og særleg for verdas fattigaste, blir
205 øydelagt, og store delar av naturmangfaldet står i fare for å forsvinne.

206

207 For at vi skal unngå dei mest alvorlege konsekvensane av klimaendringane, kan ikkje den
208 globale temperaturen stige meir enn 1,5 gradar over førindustrielt nivå. Det betyr i praksis at
209 alle klimagassutslepp frå fossil energi og avskoging må stansast så raskt som mogleg.

210

211 Alle land må omstillast til samfunn som praktisk talt er utan bruk av fossil energi, og som
212 byggjer opp att karbonlagera i naturen. Etersom det er dei rike landa som har det historiske
213 ansvaret for klimakrisa, må dei derfor finansiere hovuddelen av omstillinga også i fattige
214 land. Ei rettferdig omstilling inneber at ein må ta omsyn til og sikre rettane også til dei
215 menneska og folkegruppene som er særleg sårbare eller utsette ved større
216 samfunnsendringar.

217
218 Omstillinga til det klimavennlege samfunnet må skje på naturen sine premiss. Dette inneber
219 at vi bruker naturen sine eigne mekanismar til å lagre karbon, redusere klimagassutslepp og
220 tilpasse oss klimaendringar. Intakt og robust natur verkar i seg sjølv som buffer og vern mot
221 klimaendringar og er dermed avgjerande for samfunnet sitt møte med eit endra klima.

222

223 **Naturvernforbundet meiner at:**

224 • Noreg må fase ut eigne utslepp av klimagassar i tråd med sitt historiske ansvar. Som
225 oppfølging av Paris-avtalen må Noreg kvart femte år melde inn stadig strammare mål
226 for å redusere eigne klimagassutslepp, i tillegg til å finansiere klimatiltak i fattige land.

227 • Målet om å skape eit klimavennleg samfunn må leggje rammene for all sektorpolitikk,
228 slik at alle samfunnssektorane blir omfatta av verkemiddel som sikrar varige
229 reduksjonar i klimagassutsleppa.

230 • Arbeidet for å tilpasse samfunnet til uunngåelege klimaendringar må styrkast.
231 Naturen må forvaltast slik at økosystema blir mest mogleg robuste og i størst mogleg
232 grad evnar å tilpasse seg eit klima i endring.

233 • Rike land som Noreg må ta eit særleg ansvar for å bidra til reduksjon av utslepp og
234 sikre klimatilpassing i fattige land. Internasjonal kvotehandling og andre internasjonale
235 tiltak må sikre reelle utsleppskutt og samstundes ivareta menneske og natur, og må
236 kome i tillegg til nasjonale utsleppsreduksjonar.

237

238 [3.3 Berekraftig ressursbruk](#)

239 Vi må ta vare på den biologiske produksjonsevna, som er grunnlaget for livet på jorda, og
240 sikre denne også for framtidige generasjonar. Dette inneber at vi må vere varsame når
241 ressursar blir henta ut av naturen, og at desse ressursane må gå inn i eit krinslaup og brukast
242 om att, slik at vi held uttaket frå naturen og avfallsstoffa vi etterlet oss, så lågt som råd.

243

244 Utslepp til luft, jord eller vatn som ikkje naturen klarer å bryte ned – eller som kan verke
245 skadeleg for menneske, dyr eller plantar – må hindrast. Plastsjøppel i naturen er eit stort
246 problem. Miljøgifter og plast må erstattast av stoff som ikkje gjer skade på naturen. Der slike
247 stoff allereie er sleppt ut i naturen, må det ryddast opp av omsyn til naturmangfaldet,
248 menneske si helse og naturen si evne til å gje rein luft, mat og vatn.

249

250 Bruk av land og hav til produksjon av mat, fiber, energi og andre varer må innrettast slik at
251 folk får dekka dei grunnleggande behova sine utan å øydelegge grunnlaget for å forsyne
252 framtidige generasjonar. Når vi forbruker varer produsert utanfor landet, må vi vurdere
253 heile produksjonskjeda, slik at den samla miljøpåverknaden blir teken med i rekneskapen.

254

255 **Naturvernforbundet meiner at:**

- 256 • Bruk av miljøgifter må vere strengt regulert når det gjeld både innanlandsk bruk og
257 import av varer som inneheld eller er produsert ved hjelp av giftige stoff.
258 Skadeverknader av tidlegare utslepp av miljøgifter må kartleggast og minimerast.
- 259 • Prisen på bruk av ressursar må reflektere dei reelle kostnadane ressursuttaket har for
260 miljø og menneske. Dette kan bli oppnådd gjennom avgifter som sikrar at
261 miljøpåverkar betaler, eller gjennom reguleringar som legg avgrensingar på
262 ressursbruken.
- 263 • Bruken av plast må reduserast. Miljøvenlege alternativ må takast i bruk, og det
264 må ryddast opp i plastforureininga til havs og til lands.
265

266 4 Miljøvern i praksis

267 4.1 Primærnæringane

268 Matproduksjonen, både på land og til havs, må skje på ein måte som gjer at vi klarar å dekke
269 menneska sine næringsmessige og kulturelle behov, bevarer naturmangfaldet og ikkje
270 svekker verda sine framtidige moglegheiter for å produsere mat. Det krev at menneska
271 baserer kosthaldet sitt på matvarer med lågt energi- og ressursforbruk, og at haustinga av
272 ressursar skjer på ein skånsam måte for naturen. Omsynet til at menneske verda over skal
273 ha nok mat, må ligge til grunn for kor og korleis vi produserer mat, og korleis ressursane blir
274 fordelt. At det skal vere nok mat også for framtidige generasjonar, må ligge til grunn for i kva
275 omfang og korleis vi hentar ut matressursar, enten det er på land eller frå havet. Bruken av
276 skadelege stoff i jordbruk, skogbruk, reindrift, fiske og oppdrett må haldast på eit minimum
277 og på sikt fasast ut.

278

279 Det er viktig å oppretthalde og styrke matproduksjonen i heile landet. Dette må til for å sikre
280 mat til eiga befolkning og minske transportbehovet og for å ivareta busetnad, utmark og
281 kulturlandskap med det tilhøyrande naturmangfaldet.

282

283 Når vi hentar materiale frå norske skogar, må omsynet til naturmangfaldet og anna framtidig
284 nytte av skogressursane ligge til grunn for mengda ressursar som blir henta ut, og måten det
285 blir gjort på.

286

287 **Naturvernforbundet meiner at:**

- 288 • Patent på levande organismar eller naturleg førekomande biologisk materiale må
289 ikkje tillatast.
- 290 • Genmaterialet i levande organismar er ikkje eigeiendomen til nokon og må ikkje endrast
291 på. Primærnæringane må ikkje nytte veksthormon eller genmodifiserte dyr eller
292 plantar.
- 293 • Risikoen for alvorlege smittesjukdomar må reduserast både ved tiltak heime og
294 gjennom importrestriksjonar.

- 295 • Fiskeoppdrett og kjøttproduksjon må i minst mogleg grad baserast på fôr som kan gå
296 til menneskemat, eller som har negative fylgjer for miljøet eller for global fordeling av
297 naturressursar.
- 298 • Norsk landbruk må basere seg på lokale og miljøvenlege ressursar, og bruken av
299 energi, plantevernmidlar og kunstgjødsel og importert kraftfôr må vere så låg som
300 mogleg.
- 301 • Dyrka og dyrkbar jord må haldast i hevd og bevarast for matproduksjon.
- 302 • Torvmyrer er viktige for naturmangfaldet og inneheld mykje karbon. Nydyrking av
303 myr må ikkje vere lov, og torv må ikkje brukast i jordprodukt.
- 304 • Fiskeressursane er viktige for matforsyninga i verda og må forvaltast slik at dei varer
305 evig. Fiskeria må ta vare på primærproduksjonen i havet og alle ledd i
306 næringskjedene.
- 307 • Havet, kystområda og fiskeressursane må vere underlagt nasjonal og internasjonal
308 kontroll, og det må sikrast at fisken er eigd og forvalta av fellesskapet. Særleg må
309 fiskeressursane kome kystsamfunna til gode, og urfolksrettar må ivaretakast.
- 310 • Oppdrett må skje i lukka anlegg og ikkje forringe miljøet i dei hav- og fjordområda der
311 verksemda går føre seg. Oppdrettsverksemda må drivast utan ureining og
312 sjukdomspreiing og på ressursar som ikkje skadar naturmangfald og ressurstillfang
313 andre stader. Kor miljøvenleg lukka anlegg er, må vurderast ut ifrå teknologi og
314 lokalitet.
- 315 • Skognæringa må operere innanfor rammer som sikrar naturmangfald, friluftsliv og
316 karbonbinding. Skogbruket må i større grad drivast basert på utvalshogst. Hogst må
317 berre skje etter søknad og etter kartlegging av natur- og friluftsverdiar.
- 318 • Skogsressursar er eit knappleiksgode og må brukast der dei gjev størst reduksjon av
319 klimagassar. Tømmer og tre skal prioriterast som bygningsmateriale, og
320 avfallsressursar kan gå til andre føremål som gjev høg utnytting av ressursane, som
321 lokal varmeproduksjon og ulike industriføremål.

322

323 4.2 Energi

324 Menneska treng energi, og den må vere fornybar og klimavenleg, brukast effektivt og
325 produserast og transporterast utan å skape ureining eller uoppretteleg skade på
326 naturmangfaldet. Vi må nytte rett energiform til ulike bruksområde og vi må effektivisere
327 sjølve energibruken. Det inneber også at vi må gjere ei omlegging av energibruken, slik at
328 fossil energibruk blir redusert og erstatta av fornybar energi.

329

330 **Naturvernforbundet meiner at:**

- 331 • Det samla energiforbruket må reduserast og bli mest mogleg effektivt.
332 Energieffektivisering og -sparing må premierast gjennom eigna verkemiddel. Det må
333 stillast strenge krav til energibruk i bygningar. Desse krava må strammast inn med
334 jamne mellomrom, slik at bygg og anlegg i størst mogleg grad er sjølvforsynt med
335 energi, med lågt energiforbruk og ressursfotavtrykk i eit livsløpsperspektiv.

- 336 • Norsk olje- og gassverksemd må trappast ned og gradvis fasast ut ved at det ikkje
337 opnast for leiting og utvinning av olje og gass i nye område. Barentshavet, havområda
338 utanfor Lofoten, Vesterålen og Senja, Skagerrak, Mørebasenget og kystnære
339 område må bli gitt ei særskilt og varig vern mot olje- og gassverksemd.
- 340 • Ny fornybar energi må verke til å redusere forbruket av fossil energi. Samstundes
341 med energisparing må Noreg satse på ny fornybar energi, slik som bio- og solenergi,
342 bølge- og vindkraft og geovarme. Ved all utbygging må det takast særskilt omsyn til
343 naturmangfald, folkehelse, landskap og tradisjonelle naturbaserte næringar.
- 344 • Overføringsnett til andre land skal ha som mål å bidra til meir effektiv og fornybar
345 energibruk, ikkje omfattande eksport av straum. Kraftutveksling med andre land
346 bidreg til god utnytting av kraftressursane og reduserer behovet for reservekraft og
347 tilhøyrande naturinngrep og klimagassutslepp. Fordi transport av kraft inneber
348 energitap og kan gje betydelege naturinngrep, bør det vere eit mål å utnytte
349 energiressursane nær der dei oppstår, og til fortrenging av fossil energibruk i Noreg
350 og i utlandet.
- 351 • Atomkraft inneber ein så stor fare for miljø og menneske i samband med produksjon
352 og avfallshandtering at det er ei uakseptabel energikjelde. Det må derfor ikkje
353 byggjast nye atomkraftverk i Noreg, og Halden-reaktoren må leggjast ned. Noreg må
354 arbeide for å sikre atomavfallet i norske nærområde.
- 355 • Ujamn tilgang til, og lite effektiv bruk av, energi er med på å oppretthalde den skeive
356 måten velstand er fordelt på globalt. Internasjonal bistand må i større grad rettast
357 inn mot å nå dei fattigaste, med desentraliserte tiltak for energieffektivisering og
358 bruk av fornybar energi.

360 4.3 Transport

361 All transport påverkar miljøet ved at det krev forbruk av energi, legg beslag på areal og fører
362 til uynskte konsekvensar i form av forureining, støy og ulykkesrisiko. Store
363 infrastrukturprosjekt, og særleg vegutbyggingar, legg til rette for auka trafikk og gjev store
364 negative konsekvensar for natur, friluftsområde og matjord. Dette gjer at vi må ta i bruk
365 fleire verkemiddel, slik at transportbehovet blir redusert, og at den naudsynte transporten
366 blir gjort med låg miljøpåverknad.

367
368 Betre planlegging av regionar, byar, tettstader og ulike samfunnsfunksjonar er avgjerande
369 for å ikkje auke behovet for transport generelt og spesielt for å unngå å leggje til rette for
370 meir privatbilisme. Vidare må kollektive løysingar utformast slik at dei gjev folk reelle
371 alternativ til bilkøyring og flytransport. Samstundes må miljøvennlege teknologiar
372 prioriterast og leggjast til rette for, slik at den transporten samfunnet treng, skjer med så låg
373 miljøpåverknad som mogleg.

374 **Naturvernforbundet meiner at:**

- 376 • Byar og tettstadar må fortettast og byggjast ut med mål om minst mogleg
377 transportbehov, på ein måte som tar vare på grønne lunger, samstundes som det blir
378 lagt til rette for syklende og gåande. Også i den overordna samfunnsplanlegginga,

- 379 anten det gjeld transport av varer eller plassering av viktige samfunnsfunksjonar, må
380 målet vere å redusere transportbehovet.
- 381 • Kollektivtilbodet må vere godt, både for daglege reiser til arbeid og fritidsaktivitetar
382 og for lengre reiser. Dette inneber både korte reisetider, tilstrekkeleg mange
383 avgangar og stor kapasitet. Jernbanen må vere utbygd for å ta unna langt større delar
384 av transporten som i dag går med privatbil, fly og lastebil. Ekspressbuss er eit viktig
385 supplement der det ikkje går tog. Sjøfrakt må vere eit miljøvenleg og attraktivt
386 alternativ til lastebil.
 - 387 • Vegkapasiteten må ikkje utvidast, og vegutbyggingar som gjev meir trafikk og store
388 arealinngrep, må ikkje realiserast. Trafikktryggingstiltak må gjennomførast utan at
389 dette aukar den samla kapasiteten på vegen eller styrkar vegtransporten si
390 konkurransekraft. Miljøutfordringane frå flytrafikken tilseier òg at flyplasskapasiteten
391 ikkje kan aukast, og trafikken må reduserast kraftig.
 - 392 • Noreg bør, nasjonalt og internasjonalt, støtte utvikling av ein mest mogleg
393 miljøvenleg transportsektor, med auka energieffektivitet, redusert ressursforbruk og
394 redusert miljøpåverknad. Dette inneber både at forskning på betre teknologiar for
395 private og kollektive løysingar må støttast, og at ein må motivere til at desse
396 løysingane blir tatt i bruk. Hovudstrategien for ny teknologi må vere løysingar som
397 reduserer energibehovet og elektrifiserer mest mogleg av transportsektoren.
398 Resterande energibehov må dekkast av fornybart drivstoff med lågt klima- og
399 ressursfotavtrykk.
 - 400 • For å avgrense transportmengda og utnytte transportmidla betre må transport
401 flyttast til dei minst miljøskadelege transportformene, og ny og betre teknologi må
402 takast i bruk. Det betyr mellom anna at miljøavgiftene må vere høge på transport,
403 både innan og over landegrensene.

404

405 4.4 Industri

406 Utviklinga av industrien er viktig for å oppnå eit samfunn i balanse med naturen når det gjeld
407 klimagassar, ressursbruk, forureining og naturinngrep. Dette krev at industrien er
408 energieffektiv, har god ressursutnytting og i størst mogleg grad er grunnlagt på fornybare og
409 lokale eller gjenvunne ressursar, og har minimale utslepp av alle typar forureining og
410 minimale naturinngrep i alle ledd av produksjonen. Myndigheitene må bidra til dette
411 gjennom reguleringar, forskingsinnsats og økonomiske tiltak, men industrien sjølv har òg eit
412 ansvar for å sikre ei miljøvenleg vidareutvikling av eiga verksemd.

413

414 **Naturvernforbundet meiner at:**

- 415 • Forureinaren-skal-betale-prinsippet må utvidast, slik at verksemdar får ansvar for og
416 forplikingar knytte til skadar årsaka av verksemda og produkta deira.
- 417 • Ny etablering av industri og bergverk må berre skje der det kan sikrast at dette ikkje
418 fører til forureining eller andre verknader som skadar naturmangfaldet og tradisjonell
419 bruk av området.

- 420 • Det må utviklast alternativ materialproduksjon til erstatning for miljøskadelege
421 material og deira råstoff.
- 422 • Alle typar industri- og byggeverksemd, inkludert gruver, skal ha null avfall som mål.
423 Restmassar og avfall skal prioriterast til produksjons-, bygge- eller anleggsføremål
424 framfor bruk av nye råvarer og må ikkje deponerast i sårbare naturområde.
- 425 • Der det er teknisk mogleg, skal gruvedrift gjerast under jorda framfor i dagbrot. Det
426 må òg vere forbod mot å sleppe industriavfall i sjø eller fjordar, og gruvedrift på
427 havbotnen må ikkje tillatast.
- 428 • Fangst og lagring av CO₂ frå punktutslepp må takast i bruk for å redusere
429 klimaforureining frå industrien.
- 430 • Kysten må ha eit sterkt og førebyggjande oljevern, med rask responstid og beredskap
431 også for alvorlege ulykker under vanskelege forhold.
432

433 4.5 Forbruk, avfall og handel

434 Mange av varene vi forbruker, er ressurskrevjande og miljøskadelege. For å redusere
435 miljøpåverknaden av forbruket vårt må vi forbruke mindre, samstundes som varene vi
436 bruker, må vere miljøvennlege og lette å attvinne. For å redusere miljøpåverknaden frå
437 transport er det eit mål å produsere varer nært forbrukarane når ressursgrunnlaget tilseier
438 det.

439
440 Å ta hand om avfall vil alltid gje forureining eller anna miljøpåverknad. Derfor må
441 avfallsmengda gjerast minst mogleg, og vi må sjå avfall som ein ressurs – ikkje som søppel.
442 Det må leggest til rette for ombruk, i tillegg til resirkulering og attvinning av produkt og
443 materiale. Der dette ikkje er mogleg, bør forbrenning av avfall skje med energiattvinning.
444

445 **Naturvernforbundet meiner at:**

- 446 • For å redusere forbruk og avfallsmengde må produkt vere produsert for å vare lengst
447 mogleg, vere lette å reparere og brukast om att og enkle å resirkulere. Alt avfall skal i
448 utgangspunktet bli resirkulert eller gjenvunne.
- 449 • Alt farleg avfall må samlast inn og handsamast på ein miljømessig forsvarleg måte.
- 450 • Nye kjemikalier må ikkje tillatast før det er dokumentert at dei ikkje kjem til å
451 oppkonsentrerast i næringskjeda, eller at det ikkje gjer alvorleg skade på levande
452 organismar.
- 453 • Det må stillast strenge miljøkrav ved innkjøp og avfallshandsaming så vel til private
454 hushald som til offentleg og privat verksemd.
- 455 • Det offentlege må vere ein spydspiss når det gjeld innkjøp og forbruk av
456 miljøvennlege produkt og tenester.
- 457 • Internasjonale miljøavtalar må bli overordna i høve til handelsavtalar.